



Sist behandla og vedteke i sakkunnig takstnemnd 21.01.2021

# Takseringsprinsipp, rammer og retningsliner ved fastsetting av eigedomsskatt i Gol kommune

# Innhald

1. Om dette dokumentet og overordna rammer
2. Taksering og takseringsmetode.
  - 2.1 Retningsliner for kommunikasjon med eigar og kvalitetssikring
  - 2.2 Vurdering
3. Ytre rammer
  - 3.1 Juridiske
  - 3.2 Lokale, politiske
4. Hovudrammer for taksering
  - 4.1 Vurderingskriteria for bygningar og tomter
  - 4.2 Gruppering av eigedomar.
  - 4.3 Takstsoner for bustadhus.
5. Fakta og skjønnsbasert takst
  - 5.1 Fakta om eigedomen.
    - 5.1.1 Tomter i utbyggingsområde
    - 5.1.2 Tomter i LNF-område (landbruk, natur, friluftsliv)
    - 5.1.3 Arealmåling av bygg
  - 5.2 Skjønnsmessig vurdering av eigedomar
6. Registrering av informasjon om eigedomane.
7. Sakkunnig nemnd sine hovudrammer for takseringa.
  - 7.1 Sjablongverdiar for å få fram gjennomsnittsverdi for ulike eigedomsgrupper.
  - 7.2 Taksering av verk og bruk.
  - 7.3 Gjennomsnittsverdiar på tomter og bygningar - BRA = bruksareal på bygning
  - 7.4 Etasjefaktorar
    - 7.4.1 Etasjefaktorar for næringsbygg:
    - 7.4.2 Etasjefaktorar for bustader:
    - 7.4.3 Faktor for standard på bustad (indre faktor)
    - 7.4.4 Bygningens alder - aldersfaktor (AF)
  - 7.5.1 Ikkje innlagt strøm, vavn, kloakk
  - 7.5.2. Faktor for ytre tilhøve på eigedomen.(ytre faktor)
  - 7.5.3 Spesielle bygningar – protokolltakst/matrice
- 7.6 Landbrukseigedomar.
  - 7.6.1 Koier og nedlagte stolar - som ikkje lenger er i bruk
8. Om fritak generelt
  - 8.1 Skianlegg
  - 8.2 Golfbane
9. Juridiske avklaringar.
  - 9.1 Dokumentasjon av faktafeil.
  - 9.2 Likebehandling er grunnleggjande for takseringa.
- 9.3 Det er eigedomen som objekt som skal takserast.
  - 9.4 Privatrettslege avtaler og hefte skal ikkje vektleggjast ved taksering
  - 9.5 Festetomter
  - 9.6 Seksjonerte eigedomar/burettslag.
  - 9.7 Statleg og kommunalt eigde AS

9.8 Fritak frå egedomsskatt. 10

Informasjon til grunneigarane 11

Kvalitetssikring.

12 Klager på takst.

12.1 Retting av feil.

12.2 Handsaming av klage.

## 1. Om dette dokumentet og overordna rammer

15.12.2009 vedtok Gol kommunestyre å utvide området for egedomsskatt til å omfatte heile kommunen, frå 2011:

1. Gol kommunestyre utvider omfanget av egedomsskatten frå tettstad og verk og bruk til å omfatte heile kommunen frå 01.01.2011. Vedtaket blir gjort med heimel i egedomsskattelovas §§ 3 og 4.
2. Takseringsarbeidet må i hovudsak bli gjort i 2010. Med utviding til å omfatte heile kommunen frå 2011 blir det forutsatt full, alminneleg omtaksering også av eksisterande objekt innafor takstområdet kommunedelplan Gol tettstad.
3. Takstnemnda utarbeider forslag til Rammer og retningsliner for taksering og vurderer revisjon av kommunens vedtekter til egedomsskattelova og retningsliner for kommunens egedomsskattekontor.

Sakkunnig takstnemnd gjer endeleg vedtak om rammer og retningsliner for takseringsarbeid i Gol kommune. Rammer og retningsliner er eit resultat av den prosess sakkunnig takstnemnd har med egedomsskattekontoret i kommunen, med innleidg sakkunnige og med ”besiktigelsesmenn” ved ny- og omtaksering.

Sakkunnig takstnemnds mynde til å vedta endeleg takstverdi ligg i egedomsskattelova §8 A-3, 4. ledd.

Det blir fastsett i egedomsskattelova §8 A-3 1 og 2. ledd at egedomen skal verdsetjast ved takst, og at det skal vere ei almen taksering i kommunen kvart tiande år. 2020 er det siste skatteåret kor takseringa som blei gjennomført i 2010 kunne bli nytta som grunnlag for utskriving av skatt. Gol kommunestyre fatta slik vedtak den 28.01.2020:

1. Alle skatteobjekt som kommunen sjølve takserar blir retaksert med heimel i egedomsskattelova §8 A-3. Taksten blir vedteken av sakkunnig takstnemnd, og skal bli nytta som grunnlag for utskriving av egedomsskatt frå og med 2021.
2. Dokumentet Takseringsprinsipp, rammer og retningsliner ved utviding av egedomsskatten i Gol til å omfatte heile kommunen, blir revidert. Gol kommune vidarefører prinsippet om reduksjonsfaktorar.

Sentralt i arbeidet for faktainformasjon om egedomane er opplysningar i Matrikkelen, bygningstypar og etasjedefinisjonar med meir fastsett i Norsk Standard, innhenta informasjon frå eigar og synfaringar av egedomane.

Målet er at takstnivå i størst mogeleg grad skal bli slik at det avspeglar riktig bruk av regelverk og salsverdi i kommunen. Framgangsmåten i takseringsarbeidet skal sikre likebehandling og rettferdig behandling ved den gjennomgående takseringa 2010, og ved seinare takseringar.

Takseringsprinsipp, rammer og retningsliner omtalar hjelpe metodar som vil bli brukt for å kome fram til takstar som er i samsvar med nemnde mål.

## **2. Taksering og takseringsmetode.**

Ved val av takseringsmetode er det lagt vekt på å sikre lik handsaming og ikkje lage regelverket for detaljert eller kostbart å drifta. Metodar som blir nytta er basert på erfaringar og tilsvarande arbeid i andre kommunar og leverandøren av vald programvare for å administrere og forvalte eigedomsskatten.

Takstfastsettinga vil byggje på:

- \* fakta om eigedom
- \* arealmål av bygg
- \* vurdering av eigedom
- \* gruppering av eigedomar
- \* gjennomsnittlege verdiar for eigedomsgrupper i form av sjablongverdiar \*
- verdiskilnader i ulike delar av skattesoner (sonefaktorar)

Blir rammene ikkje følgde ved enkelttakseringar, skal takseringa grunngjenvast særskilt når takstforslaget blir lagt fram for den sakkunnige nemnda.

Dette dokumentet trekkjer opp retningsliner for vurderingar av den enkelte eigedom. Viss desse retningslinene blir sett bort ifrå, skal det grunngjenvast.

### **2.1 Retningsliner for kommunikasjon med eigar og kvalitetssikring**

I takseringsarbeidet må det vera god kommunikasjon med eigarane og andre som kan medvirke til rette takstar, likebehandling, forståing for takseringsarbeidet og lågast mogleg samla kostnad for takseringa. Det er viktig å hindre systemfeil eller enkeltfeil.

Fakta om tomt og bygningar blir henta frå Matrikkelen som er det offisielle registeret for grunneigedomar, adresser og bygningar. Er registreringar ikkje gjort i Matrikkelen blir nødvendige fakta registrert og lagt inn i Matrikkelen i samband med takseringsarbeidet. Utan at ei tomt er oppmålt kan arealet bli fastsett ut frå berekningar på kart. Er ein eigedom med bustad merka på kart berre med ein ring kan arealet i takstsamanheng bli rekna til eitt - 1- da eller til sjablongmessig storleik og verdi av tomt.

### **2.2 Vurdering**

Som omtala i dette dokumentet blir eigedomane vurderte ut frå

- formålstenleg gruppering av eigedomar i takstsoner
- gjennomsnittsverdiar for grupper av eigedomar.
- Areal fordelt på etasjar og sjablongverdiar gjev takstar for eigedomane.

- Sonevise skilnader på verdinivået er også aktuelle grupperingar for takseringa. Sonefaktor kan korrigere sjablongtakst saman med faktorane for tilhøve på (indre faktorar) og rundt eigedomen (ytre faktorar).

Gjennom synfaring utført av personar som den sakkunnige nemnda utpeikar, engasjerer eller får til disposisjon skal det i den vidare takseringsprosessen bli vurdert om

- konkrete, lokale tilhøve rundt eigedomen som medfører korreksjon av takst
- tilhøve på eigedomen som fører til korreksjon av takst

Hovudkriterium som blir lagt til grunn for vurderingar under synfaringa er

- å vera prinsipiell for å få likebehandling
- å ha aksept for ikkje *for* finmaska sett skjønnsvurderingar
- at synfaringa er basert på synfaring av bustadeigedomar sett utvendig
- at synfaringsfolka og sakkunnig takstnemnd og eigedomsskattekontoret heile tida har for auga at takseringa har kvalitet som sikrar tilfredsstillande likebehandling. Kontakt og dialog, opplæring og skulering i arbeidet med hovudtakseringa er viktig for å oppnå likebehandling.
- Administrasjonssjefen i kommunen må gjennom eigedomsskattekontoret i kommunen syte for system som sikrar behandlinga av relevant informasjon frå alle partar i takseringsarbeidet.

### **3. Ytre rammer**

#### **3.1 Juridiske**

Eigedomsskattelova er endra fleire gonger, m.a. i 2006 ved at eigedomar nytta til jord- og skogbruk er unntake eigedomsskatt, men likevel ikkje for bustaddelen.

Lova gjev den enkelte kommune eit visst rom for fritak også av andre eigedomar (§7 i lova) i tillegg til dei som lova direkte fritek i §5.

#### **3.2 Lokale, politiske**

Kommunestyrevedtak av 15.12.2010 og 28.02.2021 er referert i innleiinga.

Kommunestyret vedtek skattesats i sine årlege budsjettvedtak. Maksimal promillesats for skatten er 7. Knytt til årleg budsjettvedtak kan kommunestyret vedta botnfrådrag for bustad-medrekna fritidsbustader. Botnfrådraget påverkar ikkje takseringa som normalt står i 10 år

### **4. Hovudrammer for taksering**

Alle faste eigedomar i Gol skal takserast, med unntak av eigedomar som har fritak etter § 5 i eigedomsskattelova. Ei taksering av desse vil eventuelt skje viss eigedomane av ein eller annan årsak likevel skal betale eigedomsskatt.

Tilsvarande må heller ikkje eigedomar som kommunestyret vedtek fritak for etter §7 i lova bli takserte.

Eigdomane (skatteobjekta) som skal takserast kan vera samansett av tre hovudelement,

- tomt
- bygningar
- faste anlegg og installasjoner.

Faste anlegg og installasjonar kan bestå av faste driftsmidlar i næringseigedomar og spesielle anlegg som vegar, parkeringsplassar med meir. Desse anlegga blir vurderte i kvart enkelt tilfelle. Ved takseringar blir alle element vurderte, men endeleg takstforslag viser takst for eigedomen under eitt.

Dei overordna rammene for takseringsarbeid ligg i lovgrunnlaget om innføring av eigedomsskatt. Gjennomføring av takseringsarbeid vil bli tilpassa dei teknologiske løysingane som er utvikla på dette feltet.

Sakkunnig takstnemnd legg konkrete, lokale føringane for takseringsmetode og takseringsarbeid i samsvar med det som er referert i dette dokumentet:

#### **4.1 Vurderingskriteria for bygningar og tomter**

- Bygningsgruppe. Kvar bygning som blir taksert blir plassert i eiga gruppe.
- Bygningsareal. Kvar bygning som blir taksert får fastsett sitt areal. Minstemål for takseringsverdi er 15 kvm.
- Bygningsstandard. Kvar bygning som blir taksert får fastsett bygningsstandard ut frå vurdering av kvalitetar ved bygningen, og i nokon grad også ytre faktorar ved eigedomen.
- Tomteverdi. For kvar eigedom blir det fastsett tomteverdi etter arealstorleik.

Det blir nytta ”sjablongtaksering”. Den skal fylgje enkle reglar knytt til hovudgrupper av eigedomar.

Grunnlaget for sjablongtaksering og registreringsskjema og foto (ikkje offentleg tilgjengeleg) vil vera tilgjengeleg for sakkunnig takstnemnd og Gol kommune, eigedomsskattekontoret og den enkelte eigar.

Dersom det i taksering blir gjort avvik frå desse reglane, skal det dokumenterast i kvart tilfelle.

#### **4.2 Gruppering av eigedomar.**

Utgangspunkt for gruppering av eigedomar som skal takserast er bygningstypene slik dei er definerte i Matrikkelen (tidlegare GAB) med visse talkodar.

Einebustad, våningshus, tomannsbustad	111,112,113,121,122, 123, 124
Rekkehus, andre småhus	131,133
Terrassehus og blokker	135,136, 141, 142, 143, 144, 145, 146
Bygning for bofellesskap	151, 152, 159
Fritidshus	161, 162, 163
Bustadgarasjar og uthus	181, 183, 193, 199
Garasje,	182

Industri	211,212, 214, 216, 219
Lagerbygning	231, 232, 233, 239
Fiskeri og landbruksbygg	241, 243, 244, 245, 248, 249
Kontor og forretningsbygg	311,312, 313, 319, 321, 322, 323, 329, 330
Hotell og restaurantbygg	511,512,519, 521, 522, 523, 524, 529, 531, 532, 533, 539
Kultur og forskningsbygg	611,612,613,614,615, 616,619, 651, 652, 653, 654, 655, 659, 661, 662, 663, 669,
Helsebygg	721,722, 729, 731, 732, 739
Tomt	
Annan eide dom utan bygg	

#### 4.3 Takstsoner for bustadhus.

##### Sone 1: Sentrum faktor 1

Kommunedelplan Gol tettstad

##### Sone 2: Nært sentrum og andre grender faktor 0,9

Frå grensa for kommunedelplan Gol tettstad og i retning

- Nesbyen langs riksveg 7 *Heradvegen*, Liagardane/*Liagardsvegen* og sidevegar til bom for *Søråsvegen*
- Ål langs riksveg 7 *Rotneimvegen* til kommunegrensa, med unnatak av *Grovgardane*/øvre del av *Grovvegen* ved *Skaraåsvegen*
- Hemsedal langs riksveg 52 *Hemsedalsvegen* til krysset ved *Grønlivegen*, og Øvre *Hemsedalsvegen* til krysset ved *Auenhauglivegen* (*Sørbølkrysset*)
- Valdres langs fylkesveg 51 *Valdresvegen* til krysset ved *Øvrevegen* (*Rustegruva*) og området ved Solseter

##### Sone 3: Anna /resten av kommunen faktor 0,7

Andre område utanom sone 1 og utanom, frå sonegrense 2 til kommunegrense

#### 5. Fakta og skjønnsbasert takst

##### 5.1 Fakta om eide dom.

Fakta om eide dom vil vera identisk med gards- og bruksnummer eventuelt feste- eller seksjonsnr, kven som står som eigar og kva slags type eide dom det er. Denne informasjonen vert henta frå Matrikkelen (tidlegare GAB).

Arealet på eigedomen vert registrert. I dei tilfelle tomtearealet ikkje er registrert i matrikkelen, men er innteikna på kart, blir tomta sitt areal rekna/målt ut frå kartet eller sett til 1000 kvm.

For fritids- og bustadtomter som har eit areal større enn 2000 kvm, blir det taksert for 2000.

### **5.1.1 Ubebygde tomter**

Ubebygde tomter med eige matrikkelnummer som er godkjent frådelt eller regulert til utbyggingsområde blir beskatta som protokolltomt med fast verdi uavhengig av storleik. Før dei får eige matrikkelnummer blir dei rekna som LNFR-område

- Friareal, leikeplassar o.l. og trafikkareal, får takstverdi 0.

### **5.1.2 Tomter i LNF-område (landbruk, natur, friluftsliv)**

Ubebygd tomt i LNF- område blir ikkje taksert før den har fått eige matrikkelnummer, sjå førra punkt. Faste installasjonar som inngår i takstgrunnlaget blir registrert.

### **5.1.3 Arealmåling av bygg**

Bygg som inngår i takstgrunnlaget blir registrert med bygningstype og bygningsareal fordelt på kvar etasje. Areal registrert i samband med ny oppmåling, blir samanlikna med bygningsareal registrert i Matrikkelen. Kommunens bygningsarkiv bli nytta som mogeleg kontroll.

Norsk Standard (NS 3940: 2012) danner grunnlaget for arealberegnning av bygninger i matrikkelen. Arealer for en bruksenhet og et plan kan angis med én desimal, men areal for bygning angis med helt tall.

I samband med synfaringa, blir det gjennomført ei utvendig oppmåling av bygget. Arealet på bygget blir fastsett ut frå denne oppmålinga med generelle korrigeringar i samsvar med målereglane i NS 3940. Arealet skal fastsetjast for kvar etasje.

Etasjene i bygget blir gruppert som følgjer:

- kjellar
- underetasje
- hovedetasje
- loft

## **5.2 Skjønnsmessig vurdering av eigedomar**

Vurderinga byggjer på synfaring av eigedomen – utan innvendig gjennomgang av bygg. På synfaringa blir tilhøva på eigedomen registret på særskilt skjema- og det blir utført enkel oppmåling av bygga viss det ikkje er godt gjort at informasjonen i Matrikkelen er rette.

Vurderingane og oppmålingsresultata skal dokumenterast på registreringsskjema. Foto inngår i dokumentasjon på alle eigedomar.

Vurdering av eigedomane vil ikkje vera detaljerte. Ved synfaring blir fylgjande retningslinjer vedlagte:

- **I vurderinga skal ein vera prinsipiell –for å sikra lik handsaming. Avvik frå prinsipp må vurderast nøye og dokumenterast.**
- **I vurderinga må ein akseptera at det handlar om ei grov vurdering - og ikkje leggja vekt på detaljar.**
- **I vurderinga må ein vera varsam og nøktern i høve til vurderingsgrunnlaget. Tvil skal koma eigar til gode.**

Sidan det vil vera fleire medarbeidarar som tek del i oppgåva, må ein sikra at dei har best mogeleg likt utgangspunkt for sitt arbeid. Ved at dei får ei god og lik innføring i oppgåva og ved at dei konfererer underveis, skal kvalitet på arbeidet sikrast.

## **6. Registrering av informasjon om eigedomane.**

Kommune nyttar dataprogrammet KomTek til arbeidet med utlikninga av eigedomsskatt.

Kom Tek er integrert med Matrikkelen.

I takseringsarbeidet må difor kommunen ta utgangspunkt i eigedomsgrupperingar og arealmålingsmetodar som er definert i Matrikkelen. Data frå oppmåling og eigedomsvurdering blir registrert i Kom Tek. Vidare vil resultatet av vurderinga bli knytt til kvar eigedom slik at skattelister kan produserast. Programmet overfører data til kommunen sitt faktureringsprogram slik at krav på utlikna eigedomsskatt blir utsend på rasjonell måte.

## **7. Sakkunnig nemnd sine hovudrammer for takseringa.**

Det som ska takserast er:

- Tomta
- Bustader
- Bustadhus på gardsbruk
- Hytter og fritidsbustader
- Garasjar og uthus til bustad
- Næringsbygg
- Verk og bruk
- Andre bygningar og installasjonar som er skattepliktige etter eigedomsskattelova.

Taksforslaget skal vise takst for eigedomen samla.

### **7.1 Sjablongverdiar for å få fram gjennomsnittsverdi for ulike eigedomsgrupper.**

Sakkunnig takstnemnd vil fastsetja sjablongverdi for dei ulike eigedomsgruppene.

Takstnemnda vil byggje på kunnskap om prisnivået ved omsetjing av eigedomar i kommunen. Kunnskap om kostnader ved nybygging vil i nokon grad underbyggje sjablongverdiane. Det same gjeld kunnskap om leigenivået for aktuelle eigedomsgrupper.

Sjablongverdi vil bli fastsett som kvadratmeterpris for ulike bygningstypar.

Det er laga oppsett på korrigeringsfaktorar for ulike etasjegrupper og ulik standard på elementa som er ein del av eigedomen.

I tilfelle der grunn og bygningsmasse har ulike eigarar skal dei takserast kvar for seg

Sakkunnig taksnemnd si endelege verdifastsetting (sjablongverdi) vil koma fram i vedtak om eigedomsskatt for eigedomane. Vedtaka kan pålagast til sakkunnig ankenemnd.

### **7.2 Taksering av kraftanlegg m.m.**

Kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum vert taksert etter eigne reglar.

Med unnatak av anlegg nemnt i førre ledd skal alle objekt for eigedomsskatt i Gol takserast i høve til eigedomsskattelova § 4, dei felles retningslinene som er skrivne ovanfor og den rettspraksisen som ligg føre.

### **7.3 Gjennomsnittsverdiar på tomter og bygningar - BRA = bruksareal på bygning**

<b>Tomter og bygningar</b>	<b>eining</b>	<b>Pris i kroner pr kvm</b>
Einebustad, tomannsbustad,	Pr.m2	23 000
Rekkehus, andre bustadbygg	Pr m2	23 000
Våningshus	Pr.m2	23 000
Fritidsbustader og hytter	Pr.m2	30 000
Garasjar, uthus	Pr.m2	2 400
Carport	Pr.m2	1 200
Industri, verkstad, lagerbygg	Pr.m2	1 500
Kontor og forretningsbygg	Pr.m2	2 000
Camping (servicebygg)	Pr.m2	2 000
Hotel og restaurant	Pr.m2	1 700
Andre næringsbygg	Pr.m2	2 000
Tomt, bustad	Pr.m2	170 Max 2 mål
Tomt, næring	Pr m2	120
Plasthallar	Pr.m2	600
Drivhus (ikkje i hage)	Pr.m2	600
Ubebygde tomter med eige Matrikkelnummer	Pr.stk	250 000

## **7.4 Etasjefaktorar**

Ved hjelp av etasjefaktor vert gjennomsnittsverdi for ulike delar av bygg fastsett, med utgangspunkt i vanleg bruk av aktuelle etasjar. Grunnlaget vil vera bruksareal (BRA) for kvar etasje.

### **7.4.1 Etasjefaktorar for næringsbygg:**

Etasjar	Etasjefaktor
Hovudetasje H01	1,0
Hovudetasje H02, H03,H04 osb	0,8
Underetasje	0,5
Kjellar	0,3
Loft	0,4

### **7.4.2 Etasjefaktorar for bustader:**

Etasjar	Etasjefaktor
Hovudetasje	1,0
Underetasje 112 (sokkel)	0,8
Underetasje 111	0,5
Kjellaretasje	0,2
Loft	0,4

### **7.4.3 Faktor for standard på bustad (indre faktor)**

Denne faktoren blir brukt for å korrigere sjablongtaksten ut frå ei vurdering av standard på eigedommen. Vurderinga blir fastsett ved synfaring, der det blir sett på bygget utvendig.

### **7.4.4 Bygningens alder - aldersfaktor (AF)**

Byggeperiode	Indre faktor
2010 – d. d.	1,0
1997 - 2009	0,9
1987 – 1996	0,8
1978 – 1986	0,7
1977 og før	0,6

Takstmessig vurdering for eigedomsskattetakseringa (objektet), store restaureringsbehov, ”nullverdi” (inkl. rivningsobjekt) = 0 ( berre tomteverdi blir taksert)

## **7.5.1 Ikkje innlagt strøm, vatn, kloakk**

Fritidseigedomar utan strøm, vatn kloakk = - 0,1 – 0,2

Eigedomar med spesielt høg standard kan få indre faktor = 1,3 ( t.d. spesiell materialbruk o.l)

### **7.5.2 Faktor for ytre tilhøve på egedomen.(ytre faktor)**

Ved spesielt dokumentert ytre tilhøve på egedomen, kan ein ved vurdering nytte ytre faktor. Spesielle ytre tilhøve på egedomen skal grunngjenvæst i registreringsskjema.

### **7.5.3 Spesielle bygningar – protokolltakst/matrice**

Bygningar som har spesiell utforming og spesiell bruk, og av den grunn ikkje høver inn i mal for sjablongtakst, kan vurderast spesielt. Det skal då lagast eigen protokoll i høve til dei vurderingar som er lagt til grunn.

Døme: eit næringsbygg med verkstad- kontor- og lagerfunksjon skal det lagast eigen takstmatrise for denne egedomen og kvar funksjon taksert for seg.

### **7.5.4 Bruk av faktorar**

Sakkyndig takstnemnd nytter ytre faktor og indre faktor i takseringsarbeidet slik:

#### **Ytre faktor:**

Takstnemnda kan nytte ytre faktor dersom verdien til enkelte egedomar blir påverka av særskilde lokale forhold **rundt** egedomen.

#### **Indre faktor (bustader, bustaddel av landbruk og fritidbustader):**

Indre faktor blir nytta for å korrigere sjablongtaksten ut frå forhold **på** egedomen for bustader, bustaddel landbruk og fritidsbustader. Funksjonalitet, standard og kvalitet kan variere frå egedom til egedom.

- **Eksempel på låg funksjonalitet** kan være store våningshus med lite hensiktsmessige arealløysingar i forhold til dagens bruk. Eit anna eksempel er gamle driftsbygningar i landbruket, fiskebruk etc. som har fått ny funksjon.
- **Eksempel på låg standard** kan være dårlig isolerte bygningar med enkle vindauge.
- **Eksempel på låg kvalitet** kan være rotne vindauge, drenering som ikkje fungerer, setning i fundament.

**Retningsgjenvande for bruk av indre faktor i forhold til bygningens standard og kvalitet er:**

#### **A) Bygningens alder (byggeår, gield ikkje næringseigedomar ref. pkt. E)**

#### **B) Spesielle forhold**

- Gamle hus med historisk verdi må vurderast særskild.
- Tømmerhus. Gamle tømmerkonstruksjonar er standardmessig like gode som nye. Her skil isolasjon i golv, vindauge og isolasjon i tak.
- Gamle hus med nye tilbygg handterast gjennom endringsprotokoll om dette ikkje er endra i matrikkelen.
- I nokre store bygningar er bare ein del i faktisk bruk. Då tar vi utgangspunkt i faktisk bruk. Øvrig areal takserast som bod. Slike egedomar blir lagt fram som spesielle saker.

- Er delar av bygningsmassen restaurert/renovert må ein se på kor stor del av bygningsmassen som er standard- eller kvalitetsheva i forhold til totalmassen, og ut frå det foreta ein faktorjustering.
- Det skil mellom tiltak gjort på bygning for å **halde bygningen ved like** (skifte kledning, reparere skader etc) og tiltak som er gjort for å **standardheve bygningen** (standardheve vindauge, isolere, etc) I dei tilfelle kor bygningsmassen krev reparasjonar i tillegg til nødvendig vedlikehald blir faktor redusert i forhold til kva det vil koste å utbetre dei påpekt manglar. Nødvendige manglar må dokumenterast gjennom kommentarar frå besiktigar.
- Bygningar som er totalrenovert kan få ein faktorheving på inntil 0,2.

#### **D) Fritidseigedomar**

Fritidsbustader kan variere sterkt i standard og kvalitet. Dette blir vist gjennom bruk av indre faktor.

##### **Indre faktor:**

- Reduserer for standard som for bustad.
- Reduserer for kvalitetssvikt som for andre bygningar

#### **E) Næringerseigedomar**

- Indre faktor for næringseigedomar blir relatert til bygningsmassen si funksjon.

#### **7.6 Landbrukseigedomar.**

Eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogbruk er fritekne for eigedomsskatt jf egedomsskattelova § 5, bokstav h, likevel med unnatak av bustaddelen. Jord- og skogbrukseigedomar er eigedomar som i Matrikkelen er registrerte som landbrukseigedomar.

Det er utan betyding om det er eigaren eller andre som driv landbruksverksemda på egedomen. Vidare er det med ”drift” lagt vekt på om egedomen vert halden i hevd ein driftsmåte som er i samsvar med det som er vanleg jord- og skogbruksdrift i området. Det er driftsdelen knytt til sjølve gardsbruket- og skogbruksverksemda som er friteken for eigedomsskatt.

Stølsbuer/stølsbygningar på nemnde bruk blir rekna inn i fritaket unntake når stølseigedomen har eige gards- og bruks nr **og er fritt omsetjeleg**.

”Stølsbuer” som ikkje inngår i kategorien landbruk blir omdefinerte til fritidsbustader.

Naust er som bygning tilhøyrande landbrukseigedom, og gir fritak. Det må ikkje vera foretatt bruksendring på desse (= ikkje lenger naust).

Lovverket legg opp til særskilt vurdering av konsesjonspliktige landbrukseigedomar, på grunn av dei avgrensingane som jord- og konsesjonslova legg på omsetninga.

Våningshus og kårbustader med tomt blir takserte med bruk av ytre faktor sett til 0,7.

Tilhøyrande tomt blir sett til 1000 kvm pr bustad/fritidsbustad.  
Ved eit tredje hus på eit felles tun skal det ikkje skattleggjast tomt til dette.

Ved uthus med uklar funksjon blir det tillagt eit areal på 36 kvm for garasje.

#### **7.6.1 Koier og nedlagte stolar - som ikkje lenger er i bruk**

Koier og nedlagte stolar som ligg vanskeleg tilgjengeleg (eksempel avstand til bilveg, uframkommeleg grunna urskog, ligg ugunstig til for tilgjenge etter dagens krav mm) blir sett på som bevaringsverdige uansett tilstand.

Kommunen skattlegg ikkje desse objekta jf e-skattelova § 7 b). Bygningar av kategori som har kulturhistorisk og miljømessig verdi er marginale i høve til kva takst og innkrevjing kostar og kva takst og skatteverdi gir av skatt. Drift og vedlikehald stiller ekstra store krav til eigar for å ta vare på slike objekt, som er ein del av felles kulturarv og kulturlandskap – her med takstverdi 0.

### **8. Om fritak generelt**

Fritak etter § 7 er det kommunestyret som gjer vedtak om. Endeleg vedtak er ein del av vedtaket om eigedomsskatt i samband med årleg budsjettvedtak.

Sakkunnig takstnemnd føreset at nemnda gjennom arbeidet sitt har eit visst grunnlag for å gje tilråding til formannskap og kommunestyre om fritak. § 7 i lova har slik ordlyd

Kommunestyret kan etter søknad frita desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verde.
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.

#### **8.1 Skianlegg**

Faste driftsmiddel som heisanlegg, lysanlegg, anlegg for snøproduksjon blir ikkje taksert; derimot sals- og sørvisanlegg som restaurant, kafé.

#### **8.2 Golfbane**

Utan bygg blir golfbane sett på som tomteareal, utan bygning. Fritak § 5 a) 2. strekpunkt

### **9. Juridiske avklaringar.**

#### **9.1 Dokumentasjon av faktafeil.**

Dersom den som gjennomfører synfaringa finn avvik i fakta i takseringsgrunnlaget skal synfarar måle inn riktige arealverdiar slik at administrasjon, og det i rutinene rundt takseringa kan bli gjort korrigeringar i takseringsgrunnlaget.

## **9.2 Likebehandling er grunnleggjande for takseringa.**

Metoden har sterkt fokus på likebehandling gjennom analyse, vurdering av indre og ytre faktor ved synfaring og systematisk kvalitetssikring og revisjon av rammer og retningslinjer i arbeidet med nytaksering.

## **9.3 Det er egedomen som objekt som skal takserast.**

Det blir ikke lagt vekt på potensiale på egedomen. Det er egedomen som objekt slik den framstår ved takseringa og pr 01.01.2011 som skal takserast (ved nye bygg pr 01.01.i skatteåret).

## **9.4 Privatretslege avtaler og hefte skal ikkje vektleggjast ved taksering**

Det er egedomen som objekt som skal takserast. Kven som dreg nytta av egedomen gjennom eksempelvis private avtaler, skal ikkje vurderast. Eksempelvis vil ein avtale om burett eller tilkomstrett over egedomen ikkje påverke taksten.

## **9.5 Festetomter**

For avtaler på mindre enn 30 år er bortfestar ansvarleg for egedomskatt på grunnen.  
For festearvtalar som varar lenger (30 år eller meir) er festar ansvarleg for egedomsskatten.

## **9.6 Seksjonerte egedomar/burettslag.**

Seksjonerte egedomar blir taksert kvar for seg.  
Felleseige blir fordelt i høve til eigarbrøk.

Burettslag sin egedom blir taksert under eitt. Skattekravet blir retta mot styret i burettslaget.

## **9.7 Statleg og kommunalt eigde AS**

Alle organisasjonar som før var ein del av kommunal eller statleg verksemd, men no er omdanna til offentleg eigde AS og dermed eigne juridiske organisasjonar, skal betale egedomsskatt på lik linje med andre juridiske organisasjonar dersom lovverk eller forskrift til lovverket ikkje eintydig seier noko anna.

## **9.8 Fritak frå egedomsskatt.**

Etter § 5 i egedomsskattelova, er det fastsett at ein del offentleg eigde egedomar vert fritekne frå plikta til å betale egedomsskatt. Mellom desse er:

- Forsvaret
- Kyrkj
- Kommunen

## **10 Informasjon til grunneigarane**

Grunneigar har fått tilsend informasjonsskriv om innføring av egedomsskatt, gjennomføring av synfaring, og taksering. Informasjon skal i størst mogleg grad bli gjort tilgjengeleg, m.a. på nettsidene til kommunen og elles for å nå best mogleg ut, m.a. på [www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no).

Grunneigar vil få tilsend skjema med faktaopplysningar etter synfaring på egedomen. Eigar kan kome med merknader til dokumentasjon innan eit frist på 3 veker.

Grunneigar får tilsend oppgåve over takst og ilikna eigedomsskatt innan 1. mars i skatteåret for fastsetjing og kunngjering av taksten og skatteoppgåva. Det er klagerett på vedtaket.

Kommunen kunngjer skattelista utlagd til offentleg ettersyn.

Administrasjonen vil gje svar på spørsmål via telefon, e-post, eller i direkte samtale med grunneigar.

Skriftlege merknader frå grunneigar vil verte drøfta med sakkunnig takstnemnd før det vert gjeve svar. Kurante skriftlege tilbakemeldingar vil vert handsama administrasjonen.

Grunneigar vil ikkje verta kalla inn i samband med synfaring på eigedomen, men har rett til å delta dersom dette er ynskjeleg.

Dei som gjennomførar synfaringa skal bere synlege teikn på at dei representerar kommunen., (farga vest med kommunelogo og påskrift) og kunne dokumentere det same med ID- kort.

I møte med grunneigarane skal det leggje vekt på at dei som representerar kommunen skal opptre høfleg, imøtekommande og med kunnskap om dei oppgåvene dei skal gjennomføra. Det må godtakast at det blir skild i mellom det som gjeld politiske spørsmål og spørsmål som gjeld gjennomføringa av takseringa og skattlegging.

Dersom dei svara som vert gjevne vert oppfatta som ikkje tilfredsstillande, må det visast til prosjektleiar eller rådmann.

## **11 Kvalitetssikring.**

Det er viktig med god dokumentasjon av arbeidet med grunnlaget for utskriving av eigedomsskatten.

Alle prosjektmedarbeidarane skal vera godt kjende med dei rammar og retningsliner som er utarbeidde for dette arbeidet. Jamn kontakt mellom dei som arbeider med takstgrunnlaget skal sikre mest mogeleg lik handsaming.

Grunneigarane får høve til å koma med merknader til takstgrunnlaget om med det vera med på kvalitetssikringa.

Eigedomsskattekontoret og sakkunnig takstnemnd skal så snart råd er ta opp mogelege avvik frå dei rammer og retningsliner som gjeld.

Sakkunnig takstnemnd kan gjere førebels taksvedtak fram til takstframlegg er gjennomgått. Når det ligg føre førebels vedtak for alle eigedomar, kan nemnda vurdere grunnlaget for takstane, takstnivåa og skilnaden i takstar samla. Finn nemnda etter ein slik gjennomgang grunnlag for justeringar, kan dette gjennomførast før endeleg takstvedtak vert fastsett.

Sakkunnig nemnd får tilsend takslister for kontroll. Medlemane av nemnda kjem med framlegg om dei eigedomane dei ynskjer spesiell gjennomgang av. Nemnda skal i alle høve

gjera stikkprøver for å sjå at rammene som er trekt opp vert fylgte. Eigedomsskattekontoret kan legge fram einskildsaker for handsaming i sakkunnig nemnd.

## **12 Klager på takst.**

Offentleg ettersyn og handsaming av klager er viktige element i arbeidet med å sikre lik handsaming av grunneigarane. Sakkunnig ankenemnd handsamar aktuelle klager.

### **12.1 Retting av feil.**

Dersom handsaming av klage viser at det er feil i grunnlaget sakkunnig nemnd la til grunn for fastsetting av takst, kan nemnda sjølv rette feilen. Klagesaka går da ikke til sakkunnig klagenemnd. Grunneigar får ny klagefrist etter resultatet av feilrettinga ligg føre.

### **12.2 Handsaming av klage.**

Alle klager skal journalførast. Det blir oppretta eige saksdokument på kvar klage, der eigedomsskattekontoret lagar ei kort saksutgreiing og vurdering.

Saka blir så lagt fram for handsaming i ankenemnda (sakkunnig ankenemnd). Vedtaket i nemnda skal ha ei kort grunngjeving.

Sakkunnig ankenemnd skal ha gjort seg kjend med dei prinsipp og hovudelement i takstfastsetjinga som sakkunnig takstnemnd har lagt til grunn – før klagehandsaminga tek til.

Elisabeth Jacobsen Vännback  
Leiar i utval

Ludvig Munkejord

Åse Berit Lio